

Møtereferat

Administrativ styringsgruppe

Møtedato:	11.01.2019	Møtestad:	Møterom Haukedalen, Førde rådhus
------------------	-------------------	------------------	----------------------------------

Møtt	Ikkje møtt
Kirstin Bruland Ellen Jensen Øyvind Bang Olsen Kurt Even Andersen Veronika Jamaris Huus Trond Ueland Helge Sæterdal Stian Jakosen Jan Birger Moe Torill Anita Segtnan Ole John Østenstad Marit Solheim Malin Moldestad Anette Sollid (Sak 3-4) Ørjan Stubhaug (Sak 4)	Atle Fasteland Øystein Høyvik Elin Enebakk

Møteleiar:	Ole John Østenstad	Møtereferent:	Malin Moldestad
-------------------	---------------------------	----------------------	------------------------

Sak nr.	Sakstittel, omtale og konklusjon	Ansvar	Frist
1	Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 14.12.18 <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgått og godkjent 		
2	Arbeidsgruppe knytt til «nivået under einingsleiar» - kort statusrapportering v/Jan Birger Moe <ul style="list-style-type: none"> • Arbeidsgruppa har hatt eitt møte og arbeidet er gang, det vert levert ein rapport innan fristen 20.01.19 		
3	Økonomi v/Anette Sollid og Lise Mari Haugen <ul style="list-style-type: none"> • Fråsegn knytt til kommunane sine budsjett og økonomiplanar <ul style="list-style-type: none"> ○ Det er viktig at dei økonomiske utfordringane ikkje blir underkommunisert ○ Realisme-kravet er utfordrande 		

	<ul style="list-style-type: none"> • Skyggebudsjett/-rekneskap <ul style="list-style-type: none"> ○ Arbeider med samanstilling av budsjett og økonomiplan for dei fire kommunane til ein kommune ○ Orienteringssak i fellesnemnda i mars • Førrebels økonomiplan 2020-2023 <ul style="list-style-type: none"> ○ Prioritering av investeringar, samla driftsrammer og utkast til fordeling av driftsrammer til sektorar/einingar ○ Arbeidet vert starta etter årsavslutting ○ Sak til fellesnemnda 12.06.19 ○ Kvar enkelt kommune kan revidere budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 i 2019, men større revideringar bør ikkje skje etter mai 2019 <ul style="list-style-type: none"> ▪ Det vil skape vanskar for økonomisk planlegging i Sunnfjord kommune ▪ Det vert ikkje lagt opp til at kommunane utarbeidar økonomiplan for 2020-2023 • Økonomiplan 2020 – 2023 Sunnfjord kommune <ul style="list-style-type: none"> ○ Stort arbeid som må kome i gang tidleg haust 2019 ○ Sak til kommunestyret i perioden okt. til des. 2019 		
4	<p>Økonomi – eigedomsskatt v/Ole John Østenstad og Ørjan Stubhaug</p> <ul style="list-style-type: none"> • Stortinget har gjort vedtak om endringar i eigedomsskatten <ul style="list-style-type: none"> ○ Skattesatsen for hus og hytte er redusert frå 7 promille til 5 promille ○ Takstane får ein obligatorisk reduksjonsfaktor på 30 % ○ Justerer kommunen sin mogleik til å auke eigedomsskatten frå eit år til eit anna frå 2 til 1 promille • Ved samanslåing er det den mest folkerike kommunen som er grunnlaget, dvs. Førde sin skattesats som også er den lågaste (2,4 ‰) <ul style="list-style-type: none"> ○ Sunnfjord kommune vil tape ca 20 mill kr om ein ikkje gjer noko. Uansett vil ein i 2020 tape 3,8 mill kr for kommunane Gaular, Jølster og Naustdal • Forskrifta om samanslåing av Sunnfjord fastset at kommunen får unntak frå eigedomsskattelova slik at eigedomsskatteregima som gjaldt i Førde, Gaular, Jølster og Naustdal kommune kan vidareførast, i ein overgangsperiode frå 1. januar 2020 til 31 desember 2021 • Øvste grense er 5 promille, så det er ikkje mogleg å hente inn tapet før 2022. Det kan bli nødvendig med omtakstering for å unngå eit tap på 20 mill. <ul style="list-style-type: none"> ○ Arbeidsgruppa som arbeider med eigedomsskatt skal gjere ei utgreiing om omtakstering ○ Ved omtakstering er det to alternativ, ta utgangspunkt i formuegrunnet til skatteetaten eller ved synfaring 		
5	<p>Tilbakemelding frå møte i leiargruppa 11.01.19 v/Ole John Østenstad</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi held fram med den arbeidsmåten som er etablert, med møte i leiargruppa og administrativ styringsgruppe annankvar veke 		

	<ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging av arbeidet på leiarsamlinga i Loen - det er oppretta ei arbeidsgruppe som skal halde fast i arbeidet og to tillitsvalde bør vere med – HTV følgjer opp <ul style="list-style-type: none"> ○ Planlegger ei ny leiarsamling i løpet av våren • Drøfting av kontorplassar i ny kommune – rådhuset i Førde er særleg utfordrande. Det er ikkje plass til alle, og vi må finne gode alternativ dersom nokon må flytte ut 	HTV	
6	<p>Avklaring knytt til vaktmeisterstilling som har ansvar for hjelpemiddelforvaltning v/Kurt Even Andersen</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vaktmeisteren går av med pensjon i mai • Prøver å ordne ei forlenging til sommaren, men stillinga må lysast ut når den blir vakant • Spørsmål om kvar den stillinga skal plasserast i organisasjonen • Konklusjon: Ventar med å lyse ut stillinga til organiseringa er ferdig 		
7	<p>Vakansar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Evaluering av prosess knytt til tilsetting av prosjekt-/ byggeleiar i Førde kommune v/Elin Enebakk <ul style="list-style-type: none"> ○ Utsett • Ledige stillingar som bør avklarast? <ul style="list-style-type: none"> ○ Førde: Vakanse i i stilling som fagleiar for veg ved Teknisk drift. Det er ein utfordrande situasjon og det er behov for å lyse ut stillinga ○ Vi avventer til organiseringa av teknisk drift er ferdig 		
8	<p>PSU og fellesnemnda 06.02.19</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ingen saker i PSU • Fellesnemnda <ul style="list-style-type: none"> ○ Uttale til budsjett – grundig gjennomgang i møtet ○ Politisk delegeringsreglement ○ Fellesreglement for dei folkevalde organa ○ Orientering v/Helge Sæterdal om vedtekter for SFO og barnehage og PPT i fylket ○ Referatsak om busetjing av flyktingar 		
9	<p>Informasjon frå prosjektnettverka</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging vedtak gjort av administrativ styringsgruppe 14.12.18 <ul style="list-style-type: none"> ○ Omsorg v/KB avtalt møte med personal 22/01 ○ Helse v/KEA har avtalt møte med personal 23/1 ○ Teknisk v/ØBO har avtalt møte med personal • «Besøk» frå prosjektleiar/sekretariat i dei ulike nettverka <ul style="list-style-type: none"> ○ Dei er velkomne i alle prosjektnettverka • Kva saker må/bør opp i fellesnemnda før sommaren 2019 <ul style="list-style-type: none"> ○ Ingen saker frå omsorgsnettverket ○ Teknisk – orientering om planarbeidet knytt til eigedom og eigedomsforvaltning, ROS-analyse om brannvesen kan vere referatsak ○ Oppvekst: Sak om vedtekter for SFO og barnehage, SFO-prisar vert handsama i budsjettet • Gjennomgang av status i arbeidet 		

10	<p>Beredskap –noko som må på plass for 01.01.20?</p> <ul style="list-style-type: none"> • Felles ROS-analyse med lokal tilpassing er på plass • Det er alltid risiko knytt til vær og straum, særleg på hausten. Treng ei kartlegging av status på naudstraum i kommunane og å etablere eit system for kommunikasjon når straumen går <ul style="list-style-type: none"> ○ Kartlegging og arbeid med beredskapsplanverket vert gjort etter kvart • Status er generelt ok 		
11	<p>Kva bør vi særskilt kommunisere ut (både internt og eksternt) dei komande to vekene?</p> <ul style="list-style-type: none"> • Prosessen med innplassering er viktig. Dette er kommunisert ut, men det er viktig med kontinuerleg oppdatering 		
12	<p>Eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none"> • Politikarane i Jølster ønskjer å utvide Skei barnehage med 12 plassar, Ellen Jensen ber om ei vurdering frå oppvekstnettverket om kapasiteten i Sunnfjord kommune • Val 2019 – det vert mykje arbeid i september, og tilsette bør helst ikkje ta ferie etter 25. august. Sak om todagersval til valstyret etter vedtak i fellesnemnda. • Øyvind Bang-Olsen opprettar ei adhoc-gruppe som skal drøfte ei samanslåing av byggesaks- og branntilsynet, og ønskjer ein tillitsvald med i gruppa. • Vi har fått tilbod på KomTek og Gisline, og vi treng ein god prosjektorganisasjon. Øyvind Bang-Olsen følgjer opp Gisline, men vi treng nokre ressursar som følgjer opp KomTek • IKT-fagprogram - det er ein ny rapporteringsfrist 05.01.19 som alle må følgje, ta kontakt med Jakob Andre Sandal om det er spørsmål 	<p>HS</p> <p>OJØ/JBM</p> <p>HTV</p>	

Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.